



- eit fyrtårn i vest

Dette skjedde 1. halvår 2022



Her kan du lesa om litt av det som har skjedd i Øygarden kommune det første halvåret 2022

Tekst: Vigleik Brekke

Foto: Christel Møvik-Olsen, Ottar Vik, Apotek 1 og Vigleik Brekke

WWW.OYGARDEN.KOMMUNE.NO

Januar

Feira tre 100-åringar



8. januar vart 100-årsdagen for **Ingvarda Johnsen** frå Toft markert. Ordførar Tom Georg Indrevik kom med helsing og overrekte blomar i jubilanten (bilete til høgre).
- Eg vil takka for den store innsatsen du har gjort på Toftøy



skule i 42 år som reinhaldar, sa ordføraren. Den 31. januar fylte **Gudrun Lie** eller Gudrun frå Liaskjeret 100 år. Også her vart det tid til feiring med familie og vener. Ordføraren var på plass og snakka om kor mykje Gudrun har hatt å seia for Fjell-samfunnet. - Eg kjem tilbake til deg når du fyller 110 år, sa ordføraren. - Du må koma mykje før, kvitterte Gudrun (bilete til venstre). Den 10. februar besøkte ordføraren **Magdalena Snekkevik** som fylte 100 år. Magdalena var ein av åtte søsken som vaks opp på eit gardsbruk på Snekkevika

To nye apotek i Øygarden vaksinerer

I januar inngjekk Øygarden kommune avtale med Apotek 1 på Sund Senter og Ågotnes om vaksinasjon mot koronaviruset.

- Vi er glade for å kunna bidra med vaksinasjon her på senteret, seier dagleg leiar i Apotek 1 Sund Senter, Hege-Kristine Lorentzen. I romjula starta Vitusapotek Sartor Storsenter opp med vaksinasjon. Det var også mogleg å vaksinera seg på apotek på Sund Senter og på Ågotnes.



Inge Kolltveit fekk den første frivilligprisen i 2022



Det var historisk sus over samlinga til Aktiv+, Senioruniversitetet og Pensjonistforbundet i lokala til Odeon Kino Sotra 25. januar. Denne dagen vart nemleg den første Månadens frivilligpris delt ut. Prisen gjekk til Inge Kolltveit. Kvar månad heile dette året vert det kåra Månadens frivillig i Øygarden. - Inge har vore med i styret i Aktiv+ nesten frå byrjinga. Han stiller opp, er alltid villig til å ta eit tak kvar tysdag på Sotra Arena, sa ordførar Tom Georg Indrevik då han overrekte prisen.

Skifte av kommunedirektør

Den 31. januar overtok Johnny Breivik som kommunedirektør i Øygarden etter Rune Landro som har vore konstituert i stillinga sidan mai 2021.

Ordførar Tom Georg Indrevik takka Rune Landro for at han på sparket tok over som øvste administrative leiar den 20. mai i fjor.

- Du har teke vanskelege avgjerder og halde trykket oppe, sa ordføraren.

Den nye kommunedirektøren, Johnny Breivik, takka også for tilliten. - Eg veit at det vert krevjande økter. No er det viktig å verta kjend med organisasjonen og kommunen. Eg er imponert over utviklingskrafta og innovasjonskrafta i kommunen, sa den nye kommunedirektøren.



Februar

Kronprinsen hoppa i det kalde vatnet



Det var storbesøk i Øygarden den 9. februar. Kronprins Haakon besøkte Dale Oen Experience på Langholmen nord i kommunen. Høgdepunktet var då han hoppa frå den ni meter høge Langholmsundet bru i den kalde sjøen. Også ungdomar i Dalen Oen Academy hoppa frå bruhaugen. Kronprinsparets Fond har støtta Dale Oen Experience sidan 2020.

- Det er eit imponerande arbeid som vert gjort her gjennom eit heilt år. Her får ungdomane testa seg og utfordra seg på ein annan måte enn på eit vanleg skuleår. Her får elevane eit 11. år, sa kronprisen.

Matbank; nytt tilbod frå Basecamp

Basecamp har utvida tilboden og kunne den 10. februar offisielt opna matbank i eit lokale vegg i vegg med Basecamp RePro sentralt på Straume.

- Dette er eit nytt svært viktig tilbod, sa ordførar Tom Georg Indrevik. Det var varehussjef på Obs Straume, Cathrine Henriksen, som fekk æra av å klippa snora i døra inn til lokalet med matvarer. Ho minna om at på vareinnpakninga står det dato, men også «ofte god etter».



Startskot for teknisk servicebygg og brannstasjon



Nokre minutt etter klokka 12 den 11. februar fyrt ordførar Tom Georg Indrevik av første salva for teknisk servicebygg, brannstasjon og ny bussparkering i Skogsskiftet.

- Dette er det første store bygget vi startar byggearbeidet på i den nye kommunen, sa ordføraren. Sommaren 2023 skal entreprenør Sartor Drange ha fullført prosjektet som har ei kostnadsramme på 84 millionar kroner inklusive meirverdiavgift. Norconsult er arkitekt.

Fjerna dei fleste tiltaka mot koronaviruset

Regjeringa vedtok den 12. februar at alle forskriftsfesta tiltak mot koronaviruset skulle fjernast frå og med klokka 10.00 same dag. Dette innebar at krav om munnbind og tilråding om å halda avstand på ein meter vart oppheva. Frå då av var det berre vaksne som har symptom som vart tilrådd å testa seg.

Minus 10 millionar i 2021

Rekneskapen for Øygarden kommune for fjaråret viste eit negativt netto driftsresultat på 10 millionar kroner. - Utan bot i ei KOFA-sak og forlik i saka om Knappen Sjø, ville kommunen kome ut med eit positivt resultat. Også høge straumprisar har påverka resultatet negativt, sa kommunedirektør Johnny Breivik.

Folketalet i Øygarden har passert 39 tusen

Folketalet i Øygarden auka med 124 innbyggjarar siste kvartal 2021, viste nye tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB). Ved inngangen til 2022 var 39 032 personar busett i Øygarden kommune.

Mars

Dei første flyktingane frå Ukraina kom til Øygarden

Den 4. mars kom mor Anna og dottera Yana til Øygarden. Dette var dei to første flyktingane kommunen har fått melding om som er komne frå Ukraina. Mannen, Eugen, er igjen i Ukraina for å kjempa for landet sitt. Anna og Yana Zhithomir er losjerte inn hjå ein familie i kommunen.



Øystein Meland Telle vart månadens frivillig for februar

Juryen har vald Øystein Meland Telle (30) frå Sotra Badminton som månadens frivillig for februar. Han fekk overrakt prisen i mars. Øystein har allereie hatt ei rekke styreverv. Han har vore leiar i Sotra Badminton Club i 10 år og vore styremedlem i Norges Badmintonforbund i fire år.

150 flyktningar skal innkvarterast på Nautnes

Frå måndag 14. vart 150 flyktningar frå Ukraina innkvarterte på Nautnes i Øygarden. Utlandingsdirektoratet (UDI) har inngått kontrakt med Hero Norge som skal drifta akuttmottaket.

Mons Tore Nakken døde

Kommunestyrrerrepresentant for Arbeidarpartiet i Øygarden, Mons Tore Nakken, døde den 10. mars, 64 år gammal. Nakken var kommunestyrrerrepresentant, formannskapsmedlem og varaordførar i gamle Øygarden kommune. Han sat no også i kommunestyret i den nye kommunen.

Signerte den største transportkontrakten i norgeshistoria

I mars underteikna Statens vegvesen OPS-kontrakt for Sotrasambandet med Sotra Link AS med ei ramme på 19,8 milliardar kroner. Sotra Link AS skal finansiera, prosjektera, byggja, drifta og vedlikehalda veganlegget i 25 år frå vegopninga i 2027. Biletet er frå ein lunsj på rådhuset der signeringa vart markert.



Visitas i Hjelme og Blomvåg sokn

I mars var det bishevistas for Hjelme og Blomvåg sokn. Biskopen understreka det gode samarbeidet mellom kommunen og kyrkja og at dette gjev seg utslag i at folk er oppteken av kyrkja lokalt.

Vedtok mellombels forbod mot tiltak, samfunnsplan og flyktingmottak

Kommunestyret vedtok 24. mars å innføra mellombels forbod mot tiltak langs traséen til Vestprosess-røyrleidninga i Harestad-området og i Svanevågen inntil planspørsmål i området er endeleg avgjort. Kommunestyret vedtok også samfunnsdelen til kommuneplanen og å busetja inntil 250 flyktningar i 2022.

Endeleg kunne Liljevatnet opnast

To år forseinka kunne Liljevatnet som rommar barnehage og kulturskule offisielt opnast 29. mars. - For ein flott barnehage vi har fått, sa styrar Monica Beathe Vindenes under markeringa. Også dei nye kulturskule-lokalene har no fått si offisielle opning.



Opna utstilling om karbonfangst

Det var høgtid på Universitetsmuseet i Bergen den 31. mars. Då var det offisiell opning av utstillinga «Vår porøse verden». Det var også signering av ein samarbeidsavtale mellom Universitetet i Bergen og Øygarden kommune.

April

Full jubel etter siger i batterijakta



Det stor stemning i klasse 4a på Foldnes skule den 7. april då ordførar Tom Georg Indrevik dukka opp og overraskande fortalte at klassen gjekk til topps i konkurransen om å samla inn batteri.

- Dykkar klasse har samla inn 768 kilo batteri. Dette utgjer 35 kilo per elev, sa ordføraren. Sidan 14 mars har 17 300 fjerdeklassingar delteke i konkurransen om å samla inn flest mogleg hushaldningsbatteri.

Torbjørn Andersen vart månadens frivillig i mars

Torbjørn Andersen er leiar for Rong Gard Grendalag, som er grendalaget sentralt på Rong. Varaordførar Torill Selsvold Nyborg delte ut prisen laurdag 9. april.



Symboliserte samarbeid om barnevern med knute



Frå 19. april var Øygarden og Askøy interkommunale barnevernvakt etablert med aktiv og tilgjengeleg vaktordning heile døgeret. Markeringa skjedde ved Konglo på Straume. Barnevernleiar i Øygarden, Laila Grønn-Jensen, sa at dette er eit viktig tiltak i barnevernreforma som gjerne kan omdøypast til oppvekstreforma.

Gler seg over nye lokale



Øygarden vaksenopplæring kunne den 20. april veka markera at dei nye lokalane i 1. etasje i Liecobygget sentralt på Straume er tekne i bruk.

- Nærare 450 personar er innom dørene og får undervisning og rettleiing eller tek prøvar i løpet av eitt år, sa einingsleiar Nina Håvik Pettersen. Øygarden vaksenopplæring med sine 18 tilsette underviser i eit breitt spekter, frå dei som ikkje har skulebakgrunn til dei som treng profesjonsutdanning på C-nivå.

Silje Haukedal vart tilsett som kommunalsjef

Silje Haukedal (36) vart i april tilsett som kommunalsjef for Kultur og samfunn. Haukedal var i perioden i forkant konstituert i stillinga. Som kommunalsjef får Haukedal det overordna ansvaret for einingane plan, geodata og oppmåling, byggesak, tilsyn og miljøforvaltning, eigedom, drift og vedlikehald, reinhald og kultur.



Innfører MOT-til å glede-pris

Ungdommens kommunestyre (UKS) vedtok i april å innføra MOT til å glede-prisen. Utval for tenester og levekår hadde bedt UKS å ta endeleg avgjerd i saka. I kriteria for prisen heiter det at Årets gledesspreiar er ein i lokalsamfunnet ditt som er ein positiv kulturyggjar, ein gledesspreiar med MOT til å bry seg og ein som evnar å løfta blikket og sjå menneska rundt seg.

Mai

Første dag på prosjektkontoret for Sotrasambandet



Den 2. mai flytta Sotra Link inn i prosjektkontoret for Sotrasambandet. Leiinga i Øygarden kommune og Vest Næringsråd stilte opp og overrekte blomar til prosjektleiar Christopher M. Bjerke og folka hans. Sotra Link har fått oppdraget med å byggja Sotrasambandet.

Ordførar Tom Georg Indrevik og leiar i Vest Næringsråd var på plass med blomar på den første dagen på prosjektkontoret.

- Vi ønskjer at de skal lukkast med dette prosjektet, sa ordførar Tom Georg Indrevik.

Halvard Kallestad vart Månadens frivillig i april

Han smiler og ler mykje, Halvard. Den 7. mai smilte han ekstra breitt då ordførar Tom Georg Indrevik dukka opp på Sjøvang på Glesvær for å overrekka prisen for Månadens frivillig for april. Halvard Kallestad har vore ein krumtapp for mykje frivillig arbeid, særleg gjennom Glesnes ungdoms- og idrettslag der han bidrog i etableringa av sjøsportsenteret Sjøvang i 2012.

Føreslo prøveprosjekt med gratis kollektivtransport

Ordførar Tom Georg Indrevik har vore uroa over stadig lengre trafikkørar til og frå Øygarden og lanserte i mai tre tiltak for å få bukt med kø og sikra betre trafikkflyt.

- Eitt av tre tiltak er at vi i eit spleislag innfører gratis kollektivtransport til og frå Øygarden i fem år frå 1. januar 2023, sa ordføraren.

Møtte Hordalandsbenken på Stortinget

Det handla om samfunnssdelen til kommuneplanen, næringslivet og kollektivtransport då leiinga i Øygarden og Vest Næringsråd møtte stortingsrepresentantane frå Hordaland den 11. mai.

- Vi har all grunn til å vera nøgde med møtet vi fekk med representantane, seier ordførar Georg Indrevik.



50 år med bru til Sotra



Den 25. mai var det 50 år sidan at Sotrabrua vart offisielt opna av Kong Olav (1972).

- Eg hugsar godt denne dagen og at Kong Olav helste på folket ved Fjell kyrkje etter opningsseremonien, seier Ole Konrad Ekerhovd. Han sat i kommunestyret i Fjell i sju periodar (28 år) og i formannskapet då bruа vart opna og fekk æra av saman med ordførar Olav Midtun og mange andre gjester å vera tett på kongen då han klipte snora i Knarrvika. På biletet; Ole Konrad Ekerhovd og ordførar Tom Georg Indrevik.

Månadens frivillig-pris til Janne-Lin Fjeld Andersen

I slutten av mai fekk Janne-Lin Fjeld Andersen Frivilligprisen for mai.

- Eg likar barn og treffa nye menneske. Det er ei stor glede å hjelpe andre, seier prisvinnaren. Ho er ein dedikert frivillig i Home-Start Familiekontakten Øygarden. Ho er dyktig med alle familiar, og har vore aktiv som familiekontakt i om lag 11 år, sa varaordføraren då ho overrekte prisen.

Juni

Ønskjer betre dialog mellom kommunen og bøndene



Det var stort engasjement på landbruksmøtet i kultursalen i Øygarden rådhus 9. juni. Sturle Minde i Sotra og Øygarden bondelag sa at dialogen mellom bøndene og kommunen må verta betre.

- Eg er samd i at dialogen må verta betre. Eg opplevde å få større forståing for og kjennskap til utfordringar knytt til samarbeid og faglege utfordringar, sa varaordførar Torill Selsvold Nyborg etter møtet.

Markerte norsk statsborgarskap

Den 12. juni talte ordførar Tom Georg Indrevik til om lag 125 nye norske statsborgarar i tillegg til gjester i Håkonshallen. - Nå er de norske statsborgarar med dei rettar og plikter som dykkar nye status fører med seg, sa ordføraren. Christine Urquhart Furre (biletet) er no norsk statsborger.



Markerte opning av aktivitetsskap

Den 14. juni var det offisiell opning av aktivitetsskap for eldre i omsorgsbustader og institusjon. Ordførar Tom Georg Indrevik var også på plass på markeringa.

Verdig markering på Landro skule etter dødsulukke

Skuledagen på Landro skule den 15. juni starta med minnestund i gymnastikksalen.

- Det var ei sterkt, men verdig stund, seier rektor Anita Vabø om minnestunda etter at ein 12 år gammal elev omkom i ei trafikkulukke den 14. juni. Både prest, diakon, helsejukepleiarar og assisterande kommunalsjef var til stades på minnestunda.

Byggjer ein ny skule på vestsida

Kommunestyret vedtok den 16. juni at det skal byggjast ein ny skule for krinsane Ulveset og Skålvika og at skulen vert lokalisert om lag 250 meter frå senterpunktet i lokalsenteret Ulveset/Møvikka. Skulen skal ha ein kapasitet på 450 elevar. Kommunestyret vedtok også revidert budsjett for 2022.

Øygarden kommune og Shetland har styrkt venskapsbanda

Dette vart gjort med fornya venskapsavtale siste helga i juni. Avtalen vart signert på Scalloway museum laurdag 25. juni av ordførar Tom Georg Indrevik og Davie Sandison. Sund kommune har tidlegare hatt venskapsavtale med byen Scalloway på Shetland. Avtalen er no fornya og utvida til fleire områder på Shetland.



Solsio viste seg frå si beste side

I strålende solskinn kunne Grønaplassen på Straume offisielt opnast 29. juni. Denne kvelden fekk vi verkeleg oppleva at her er det godt og lunt i sola. Mange møtte fram for å vera med på opninga av Grønaplassen.

Ønskjer betre tilpassa busstilbod

Bussruter som passar til reisevegen, samhengjande bussruter og fleire bussavgangar er det viktigaste for innbyggjarane i Øygarden for at dei skal reisa meir kollektivt.- Denne undersøkinga er viktig for oss når vi skal gjennomføra tiltak som skal redusera køen og gje betre trafikkflyt, seier ordførar Tom Georg Indrevik. Reisevaneundersøkinga vart gjennomført i tida 10. til 24. juni.